

Resolusjon – Fadderveka er høgskulen sitt ansvar!

Fadderveka er den viktigaste arenaen for fagleg og sosial inkludering av nye studentar i høgare utdanning. Det er her ein møter framtidige medstudentar og kollegaer. Det er her ein legg premisa for vidare suksess i academia.

Faddervekene kostar pengar å gjennomføra! Arrangement, lokale, mat til fadderborn, lønn til koordinatarar og diverse kostnadar knytt til dei mangfoldige friviljuge, er berre nokre få av fleire kostnadspostar her.

Fusjonen skal/skulle ikkje føra til dårlegare kår for nokon i organisasjonen. Dette har vore førande i mesteparten av høgskulen sin praksis. Likevel ser me no at høgskulen ikkje ønskjer å ta rekninga på lik linje for alle nærregionane sine fadderveker. Det er ikkje akseptabelt at studiestadane skal ha forskjellig praksis rundt kva slags mottak studentene får. Faddervekene skal halda fram med den funksjonen dei har hatt, og no står me i fare for å ikkje vera i stand til å arrangera i ein av regionane. Dette grunna at fadderordninga ved særskilde studiestader står utan finansiering. Dette skal Høgskulen på Vestlandet ordna opp i. På heimesidene sine erklærer Høgskulen eigarskap til faddervekene sine. No må skulen visa at dei faktisk har det.

Studenttinget krev at:

- Høgskulen dekkar kostnadane knytt til faddervekene på lik linje for alle dei tre nærregionane.
- Høgskulen skal leggja til rette for koordineringsordning som sikrar likt mottak for nye studentar ved heile høgskulen.